

Arkitektkontoret Børtveit & Carlsen As
Pål-Jøran Hjertås Carlsen
Hagellia 6
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/1136 - 22/9327

Saksbehandlar:
Asbjørn Nagell Toft
asbjorn.n.toft@austrheim.kommune.no

Dato:
30.11.2022

Løyve til deling av bebygd nausttomt frå gbnr 132/27 og samanføyning med gbnr 132/36 - Utkilen

Administrativt vedtak. Saknr: 122/22


Vi syner til søknad motteke 29.11.2022.

Vedtak

Austrheim kommune gjev på vilkår løyve til omsøkt frådeling av bebygd nausttomt på gbnr. 132/27 på Utkilen. Vilkåret er at tomten med eksisterande naust på skal samanføyast med bustadeigedom gbnr. 132/36. Grunngevinga for vedtaket er at delingssøknaden er i tråd med godkjent kommuneplan sin arealdel. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova si §§ 20-1, 21-4 og 26-1.

Saksutgreiing:

Det er kome inn søknad om deling av naust frå gbnr 132/27 for samanføyning med gbnr 132/36 på Utkilen. Denne bustadtommen ligg på det nærmaste om lag 15 meter i frå nausttomten. Nausttomten er i dag samanføyd med gbnr. 132/27 på Utkilen. Søknad endrar ikkje bruken av området på nokon måte. Heimselshavarane har signert søknad på vanleg måte.



Nausttomt på gbnr. 132/27 skal samanføyast med gbnr. 132/36 p Utkilen

Austrheim kommune ser at søknad er i tråd med føresegner, plankart og vedtak i kommuneplanen. Denne kommuneplanen vart godkjent av kommunestyret i Austrheim den 11.04.2019. Eksisterande naust er i dag frådelt i veggiliv slik kommuneplanen styrer klart. Området utanfor veggiliv naust skal tilhøyra landbrukseigedom gbnr. 132/3 som før.

Austrheim kommune ser at delinga er i tråd med plan- og bygningslova og at naudsynte tiltak knytt til nausteigedomen kan løysast. Kjøpar har parkering på sin bustadeigedom gbnr. 132/36. Det er difor ikkje naudsynt å krevja parkeringsrett ved naustet, men det må tinglysast vegrett eller gangrett til omsøkt frådelt naust for eigedom gbnr. 132/36 dersom det ikkje alt er på plass. Det er og fornuftig å tinglyse rett til utsetting av båt frå nausteigedomen til sjø utanfor nasutet og eventuelt båtfesterett.

Saka vert no sendt over til kartforretning.

Med helsing

Asbjørn Nagell Toft
avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Kopi til:

Alf Kvant

Mottakere:

Arkitektkontoret Børtveit & Carlsen Hagellia 6
As

5914

ISDALSTØ

